

INVITASJON

**Landbruks- og matminister Jon Georg Dale vil opne nye Eidsnes tømmerkai i Lindås
tysdag 13. september klokka 11.00**

Du er med dette invitert !

Program: kl. 11.00 – 13.00

- ✓ Velkommen v/ Sigvard Hopland, Nordhordland Skogeigarlag
- ✓ Opning av Eidsnes Tømmerkai v/ Landbruks- og matminister Jon Georg Dale.
- ✓ Helsingar
- ✓ Musikalsk innslag
- ✓ Enkel servering

Frist for påmelding er fredag 9. september til helge@kystskogbruket.no
(mobil 48020261) eller nils.kaalaas@lindas.kommune.no (mobil 48092919)

Skogreisinga etter krigen var eit stort arbeid av **samfunnsbyggjande karakter**, ikkje minst i Hordaland som no er største skogfylket på Vestlandet. **Regjeringa si satsing på infrastruktur** i skogbruket har vore svært viktig. Berre i Hordaland har det resultert i ei dobling av investeringstøtta til skogsvegbygging og tømmerkaiutbygging dei siste åra. Ved sida av Eidsnes tømmerkai blir det no planlagt tømmerkaiutbygging i Granvin og Fusa. Denne positive utviklinga er sterkt medverkande til auka **sysselsetjing** i skognæringa i fylket.

Eidsnes tømmerkai som ligg like ved E39 vart først etablert i 1985 og noko utvida i 2000. Bruken av kaien har jamt auka. No er den utvida til 135 meter kaifront og blir difor ein av dei største i kystsogfylka. Skogeigarlaget eig også eit areal kring 60 dekar i tilknytning til kaien.

Utvindinga har kostat ca. 13 millionar kroner og er finansiert med eit statleg tilskot på 80%. Resten er tilskot frå Hordaland fylkeskommune, tilskot frå kommunane Austrheim, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og noko privat kapital. Nedslagsfeltet er Nordhordland med Bergen kommune og årleg tømmerkvantum over kaia er inntil 80 000 kubikkmeter.



Alle er VELKOMMEN !

(kør E39 til Eikangervåg, deretter fylkesveg 393 til Stabbevika, merka siste del)

Bergen/ Lindås 02.09.16

Mvh

Sigvard Hopland
Nordhordland Skogeigarlag
Mob. 90773716

Helge Kårstad
Kystskogbruket
Mob. 48020261